


UiB – I VERDA

Ein liten guide til kor på kloden UiB-tilsette har vore på oppdrag sidan sist Hubro kom ut.

TEKST ▶ SVERRE OLE DRØNEN



Antarktis

Miljøblogg frå Sørpolen

10. desember 2012 drog eit forskningsteam på fire frå Bjerknessenteret for klimaforskning/Geofysisk institutt til Antarktis. Dei gjekk om bord på isbrytaren *Ernest Shackleton* i Cape Town, med retur frå Falklandsøyane i slutten av januar. Toktet er ein del av Weddell-prosjektet, der føremålet er å setje ut og hente opp riggar med måleinstrument og å studere korleis det kalde vatnet under iskappa i Antarktis vert danna. Ein av forskarane, postdoktor Elin Darelus Chiche, skreiv òg ein blogg for bt.no medan ho var av garde i isøyd.



USA

På sporet av Obama

I haust var retorikkprofessor Jens E. Kjeldsen gjesteforskar ved Northwestern University i Illinois. Under opphaldet følgde han valkampen til Obama-kampanjen på bakken. Kjeldsen følgde særleg med i vippestatane Wisconsin og Ohio, der han deltok i såkalla canvassing. Her går valkampmedarbeidarar frå dør til dør for å komme i kontakt med ubestemde veljarar. Ifølgje Kjeldsen er grasrotarbeid som dette ein viktig del av den amerikanske presidentvalkampen, som rommar langt meir enn dei negative fjernsynsreklamane vi høyrer mykje om i europeisk media.



Uruguay

Mobbing i Montevideo

Professor Ståle Einarsen ved Institutt for samfunnspsykologi vitja tidleg på hausten Universidad de la República (UDELAR) i Uruguay. Her var han gjesteforskar i arbeids- og organisasjonspsykologi ved UDELAR sitt psykologiske fakultet. Under gjesteopphaldet heldt Einarsen forelesingar om mellom anna mobbing i arbeidslivet, destruktiv leiarsstil og korleis ein organiserer gode forskingsgrupper. UiB-professoren var òg såkalla key note speaker på ein sør-amerikansk konferanse om arbeid og arbeidsliv.



Tyskland

Juristar i Berlin

Det juridiske fakultet inngjekk i februar ein avtale med Freie Universität Berlin. Den opnar for at studentar ved UiB kan ta ein LLM-grad, som er ein eittårig mastergrad, ved det tyske universitetet. På den måten kan studentane få to gradar på same tida som ein grad, innanfor rammene av den norske femårige graden. Slik vil dei få ei ekstra grundig fagleg fordjuping under utvekslingsopphaldet. Studentane vil få ei innføring i det tyske rettssystemet og tysk rettskultur, og lærer å sjå dette i samheng med den pågåande globaliseringa av rettssystema.



Egypt

Fattigdom i Kairo

I desember heldt fattigdomsforskingscenteret CROP ved UiB Global og ymse samarbeidspartnarar ein arbeidsverkstad for deltakarar frå elleve land. Temaet var *The Political Economy of Poverty and Social Transformations of the Global South*. Deltakarane presenterte arbeida sine i fem sesjonar og peikte på korleis sosioøkonomiske og strukturelle endringar er naudsynte for å redusere fattigdommen i verda. Valet av Kairo som åstad for verkstaden var særskild relevant i lys av den arabiske våren. Resultata av diskusjonane som fann stad på verkstaden skal òg samlast i bokform.